



Arkitekt Knut Willie Jacobsen
Lurevegen 304
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2250 - 18/23074

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
SirilTherese.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
20.07.2018

Førebels svar på søknad om oppføring av mur - gbnr 185/215 Isdal

Tiltak: forstøtningsmur
Byggjestad: Gbnr: 185/215 Litlevika 36
Tiltakshavar: Terje Harald Hella
Ansvarleg søkjar: Arkitekt Knut Willie Jacobsen

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad 17.07.2018 og saka har saksnummer 18/2250.

Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trong for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev. På grunn av ferieavvikling og stor saksmengde vil mottakskontroll av søknaden ta noko lengre tid enn vanlig.

Tidsfristar for handsaming går fram av plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 og byggesaksforskrifta kap. 7. Søknader som krev dispensasjon, stettar ikkje krava til 3 vekers sakshandsamingstid.

Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søkjar/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og byggesaksforskrifta § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. byggesaksforskrifta § 7-2 (1).

Dersom søknaden krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt (t.d. veg, vatn og avløp), jf. plan- og bygningslova § 21-5, vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. byggesaksforskrifta § 7-3.

Sakstype	Tidsfrist
Søknad om dispensasjon frå plan etter §§ 19-1 og 19-3 eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1, 20-3 og 20-4 som krev dispensasjon frå plan. Fristen går ikkje i den tida søknaden ligg til uttale hjå statlege og	12 veker



regionale myndigheter. Frist for uttale er 4 veker, jf. plan- og bygningslova § 21-5.	
---	--

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist enn fastsett i plan- og bygningslova § 21-7 og i byggesakforskrifta, jf. plan- og bygningslova § 21-8.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslått.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Terje Harald Hella Litlevika 36 5914 ISDALSTØ

Mottakarar:

Arkitekt Knut Willie Jacobsen Lurevegen 304 5912 SEIM